



Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

MOTTATT

– 3 AUG 2010

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
200906685-3/800/MORHAV

Dykkar ref.:  
10/519-

Bergen, 30. juli 2010

## Høyrings svar - forslag til ny forskrift om gebyr for brot på yrkestransportlova, og forslag til endringar i yrkestransportforskrifta

### Generelt

Høyringsbrev med vedleggstekst som konkret går inn på kva formelle og faktiske endringar Samferdselsdepartementet (SD) gjer greie for, er naturlege og godt underbygde.

1. SD spør bland anna om innspel mot 2 tilhøve – storleik på gebyr etter yrkestransportlova §38, og kven som skal hefta for slike gebyr. I praksis - om alternativa foretaksgebyr eller gebyr utskrive på sjåfør. Det er også gjort ei utgreiing for tilleggsgebyr, og klageprosess med klageorgan.
2. Vidare etterspør SD innspel på vedteken endring av yrkestransportlova §5, og konkret vektgrense 3.500 kg for løyvepliktig transport. Når ein endrar omgrepa frå *kjøretøyvekt* til *vogntogvekt*, og innfører dette i forskrifta §§1 og 2, vil det for bransje skapa ny situasjon dersom fokus går på *nyttelast*.
3. Endring av yrkestransportlova §48 (taksameterforskrifta) – har vi ingen kommentar til

### Kommentar og innspel frå Hordaland fylkeskommune (HFK)

Vi ser det som naturleg å fyrst kommentera pkt 2 – *motorvogn og tilhengar* med totalvekt over 3.500 kg. Så pkt 1 - *gebyr ved manglande løyvedokument*.

#### Pkt 2

Frå aktørar og organisasjonar i transportbransjen har det over fleire år vore peika på det urimelege for løyvepliktig transport – at kjøretøy kl C1 inntil 7.500 kg men over 3.500 kg - er omfatta av alle løyvekrav og kostnader (gebyr og garanti), medan konstruksjonen kjøretøy inntil 3.500 kg med tilhengar slepp unna dette sjølv om vogntogvekt kan vera 6.000 kg eller meir.

Som løyvestyresmakt er det råd å forstå ein slik argumentasjon, og HFK vil stilla seg bak *den faktiske* endringa som er gjort på dette felt.

#### Pkt 1

- a) Storleik på gebyr ved brot på plikt til å ha med løyvedokument – vi støttar oss til forslaget kr 2.500

Vi kommenterer tilleggsgebyr med det same: - Staten skal innkassera gebyr. Jamt over opererer staten med *vesentleg* høgare tillegg ved sein betaling enn samfunnet elles.


Me finn at tillegget på 50% er for høgt dersom ikkje andre kostnader ved purring/inndriving kjem til.

Løyvehavar (foretaket) må vera ansvarleg for å sjå til at sjåfør kan visa fram dokument ved kontroll, sidan foretaket er ansvarleg for løyvepliktig transport. Då vert det feil at sjåfør skal hefta. for dette. Det gjeld uansett om det dreier seg om selskap eller enkeltpersonforetak.

- b) Klageprosess og klageorgan er forståeleg ut frå kven som skal vera kontrollorgan.  
Me finn det rett at ein held forvaltningslinja ved klage – og at rettsavgjerd fyrst kjem etter avslutta forvaltningsrekkefølge.

Og som nemnd – vi har ingen kommentar til yrkestransportlova §48 og taksameterforskrifta.

  
Rolf Rosenlund  
e.f.

  
Morten Havsgård